

Pressemelding


European Centre for Modern Languages
Centre européen pour les langues vivantes

Tlf.: +43 316 323 554 0

Faks: +43 316 323 554 4

Internett: www.ecml.at

E-postadresse: anna.kehl@ecml.at



EUROPEAN CENTRE FOR
MODERN LANGUAGES
CENTRE EUROPÉEN POUR
LES LANGUES VIVANTES



COUNCIL OF EUROPE
CONSEIL DE L'EUROPE

Medlemsland i ECML

Albania
Andorra
Armenia
Austerrike
Bosnia og Herzegovina
Bulgaria
Kroatia
Kypros
Tsjekkia
Estland
Finland
Frankrike
Tyskland
Hellas
Ungarn
Island
Irland
Latvia
Liechtenstein
Litauen
Luxembourg
Malta
Montenegro
Nederland
Noreg
Polen
Romania
Den slovakiske republikken
Slovenia
Spania
Sverige
Sveits
Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia
Det sameinte kongeriket Storbritannia og Nord-Irland

Fleispråklege har konkurransefordelar!

Studie av korleis fleispråklegheit bidreg til kreativitet, avdekkjer banebrytande data

Graz, 22. oktober 2009: "Samla sett ser vi stadig fleire teikn til at einspråklege har klare ulemper i vår moderne tid, og at dersom vi verkeleg vil byggje eit sterkt og framgangsrikt Europa som kan konkurrere med nye, veksande økonomiske gigantar i Asia og andre stader, må vi sørge for brei tilgang til god språkopplæring," seier prosjektkoordinatør María Jesús Frigols Martín i European Centre for Modern Languages¹.

Den nye studien om fleispråklegheit og kreativitet som er publisert av Europakommisjonen,² identifiserer seks viktige fordelar med å kunne meir enn eitt språk. Fordelane gjeld læring generelt, kompleks tenking og kreativitet, mental fleksibilitet, samhandling og kommunikasjon og til og med ei mogleg utsetjing av aldersrelatert mentalt forfall seinare i livet.

Sjølv om nevrovitskapen berre så vidt har begynt å avdekkje korleis fleispråklegheit påverkar hjernen, viser dokumentasjonen som ligg føre så langt, at det å kunne eit anna språk truleg forbetrar evna til å tenkje. Språkkunnskapar kan særleg føre til betre minne, betre evne til å løyse kognitivt utfordrande problem og betre evne til å ignorere irrelevant informasjon. Det kan òg gjere folk flinkare til å kommunisere ettersom dei forstår andre sine perspektiv betre.

Språkkunnskapar får no stadig større aksept som ein viktig kompetansebyggjande faktor i ei stadig meir kompleks og informasjonsrik verd. Det er ein realitet som, sett i samheng med det studien har dokumentert, vil påverke når og korleis vi underviser i språk. For svært mange unge menneske er det ikkje like effektivt å lære eit språk som eit separat fag som det er å integrere språkopplæringa i andre fag, slik som matematikk og naturfag – ein undervisningsmetode som ofte blir kalla CLIL (Content and Language Integrated Learning). CLIL er ei viktig nyvinning innanfor europeisk utdanning.

I denne konteksten støttar ECML (European Centre for Modern Languages) utviklinga av eit rammeverk for lærarutdanning innanfor fleispråkleg CLIL-utdanning. Ekspertar frå 39 land møttest hos ECML i Graz 22.–23. oktober for å lansere eit rammeverk for lærarutdanning innanfor CLIL som speglar den kunnskapen nevrovitskapen har gitt oss om korleis språkkunnskapar påverkar hjernen.

[Utvida pressemelding](#)
[Studie – vitskapleg rapport](#)

Pressekontakt i ECML:

Ta kontakt med Anna Kehl om intervju med ekspertar på tlf. +43 316 323 554 12 eller via e-postadressa anna.kehl@ecml.at.

¹ European Centre for Modern Languages er ei spesialeining i Europarådet (Strasbourg) i Graz i Austerrike.

² Både Europarådet og Europakommisjonen støttar språkleg mangfald i Europa med Europarådets spesialeining, som støttar gjennomføringa av desse språkpolicyane.